



Norsk melkeråvare

Lakkegata 23,
0187 Oslo

norskmelkeravare.no

[12.01.2026]

Rettleiar for utforming av tankrom

Formål

Tankrommet er eit dedikert rom i driftsbygningen for mellomlagring av næringsmiddelet mjølk. Tankrommet skal huse gardstanken som er utlånt av Norsk Melkeråvare (NMR). Det skal signerast låneavtale mellom mjølkeprodusent og NMR for alle utlånte gardstankar.

Rettleiar er utforma med hensyn på planlegging og utforming av tankrom, for mjølkeprodusentar og fjøsplanleggarar. Dersom tankrommet ikkje kan utformast innanfor denne rettleiaren skal NMR koplast på for å finne mogleg løysing. NMR kan krevje tiltak gjennomført før utlåning av gardstank eller henting av mjølk.


Ved nybygg eller etablering av nye tankrom skal gardstank bestillast samtidig med byggesøknad. Det er viktig at NMR får tilstrekkeleg tid til å skaffe korrekt gardstank til fjøset, og eventuelle endringar på tankrom kjem tidleg nok til å unngå ekstrakostnadar for mjølkeprodusenten. Ved bestilling av gardstank i eksisterande tankrom, utan vesentleg endring i mjølkevolum, skal gardstank bestillast seinast 3 mnd før utlåning.

Bestilling av gardstank gjerast på medlem.tine.no, eller ta kontakt med medlemstelefonen på 51 37 15 00.




Tankrommet

Størrelse på utlånt gardstank definerast av NMR, tankrommet må handtere anbefalt gardstank til fjøset inkl. nødvendig utstyr tilkople gardstanken, nærare definert i kapittelet «installasjonar i tankrommet». Tabellen under er ei anbefaling til øvre størrelse på gardstank rommet bør handtere ved eit tal båsar tilpassa vaksne kyr, anbefalinga skal også kunne ta høgde for noko produksjonsauke. Lysopning i vegg er kravet til opning ved innflytting eller byting av gardstank, der gardstanken kan flyttast inn i lengderetning. Dette kan løysast ved dør/port eller laust veggelement. Det er bonden sitt ansvar å ha tilstrekkeleg lysopning klar ved innflytting eller byting av gardstank.



Båsplassar (til kyr)	Tankstørrelse	Lysopning (i vegg, BxH)	Tankrom		
			Lengde (L)	Breidde (B)	Høgde (H)
< 30	4000L	180 x 220cm	560cm	300cm	235cm
30-40	6000L	195 x 250cm	600cm	350cm	260cm
40-50	8000L	195 x 270cm	700cm	350cm	280cm
50-65	10000L	210 x 270cm	790cm	350cm	280cm
60 +	Kontakt TINE medlemstelefon (tlf. 51 37 15 00)				



Unngå konstruksjonar i tankrommet som kjem innanfor tanken sin avsette plass. Ved eksempelvis stålbue skal breidda på rommet utvidast tilsvarande største breidda på buen i rommet.

Installasjonar på tankrommet

Tankrommet skal innehalde gardstank, handvask og spyleslange.

Tankrommet kan også innehalde varmtvannsbereder, buffertank til mjølk, mjølkefilter og filterholdar, varmegjenvinning tilkopla gardstank, forkjøler av mjølk, vaskeautomat med tilhøyrande vaskemiddel, samt slutteining mjølkeanlegg og skinnebane.

Unngå installasjonar som kan vere til hinder for inspeksjonsluke på gardstank.

Andre installasjonar eller funksjonar skal ikkje være på tankrom.

Smitte

Besøkande i tankrom kan ha med seg uønskt smitte. Som minimum bør arealet av tankrommet tankbilsjåføren brukar definerast som urein sone. Ved automatiske mjølkesystem anbefalast det at heile tankrommet er urein sone. Det bør ikkje være passasje mellom urein tankromsone og rein fjøssone, utanom via smittesluse.

Hygiene

Golv og veggjar skal alltid vere reine. Mjølkerommet må vere tett og sikra mot at skadedyr kan komme inn. Væske skal leiast bort, og avfall skal fjernast. Hygiene og reinhald må vektleggast ved val av overflater og plassering av installasjonar. Golvet må ha fall mot avløp. Det skal ikkje opphalde seg dyr av noko slag i tankrom.

Tappeplassen

Tappeplass er område frå og med tappestuss på gardstank til og med oppstillingsplass for tankbil. Tappeplass skal være:

- avskilt frå dyreområde
- rein, sklisikker og med fast dekke eller grov singel
- godt opplyst og sikra mot takras og takdrypp
- på nivå med golv på tankrom, eller inntil 50 cm under.
- plant og maks 6 meter frå tappestuss gardstank
- tankbil skal kunne stå heilt flatt på oppstillingsplassen.

Dør for mjølkeheinting, må ikkje forvekslast med «lysopning vegg», skal ha tilstrekkeleg størrelse for tankbilsjåføren og mjølkeslangen. Døra skal stå rett framom tappestuss i lengderetning av tank. Minimumsmål på dør er 90x210cm

Straum og lys

Dei fleste gardstankar treng 3-fasa stikk-kontakt 32. Type stikk-kontakt avklarast i kvart tilfelle saman med NMR. Gardstanken skal ha Eigen kurs med jordfeilvern som taklar frekvens-styring. Om fjøset har 230V, eller 400V, må opplysast ved bestilling av tank. Plassering stikk-kontakt er avhengig av type tank som er valt. Plassering stikk-kontakt må avklarast i kvart tilfelle saman med NMR.

Tankrommet skal ha 300Lux med jamn dekning. Vær obs på skuggar som fylgje av størrelsen på gardstanken.

Vatn

I tankrom skal det vere ein hand-vask, og spyleslange med varmt og kaldt vatn.

Dersom gardstanken har vaskeautomat må det monterast 2 separate kranar for varmt og kaldt vatn på vegg/tak ved tappestuss til gardstank.

Dimensjon for tilkopling på stengekran: $\frac{3}{4}$ toms.

Det skal monterast spyleslange med spylespiss som når heile tankrommets golvareal.



Sluk

Golvet i tankrommet skal ha fall mot sluk. Sluk skal handtere mjølk og skylle- og vaskevatt frå tank og mjølkesystem. Sluk skal ha nok kapasitet til at full opning tankutløp blir drenert unna. For å handtere større mengder på kort tid anbefalast gulvbrønn med rist. Rista skal være så stor at den kan plasserast direkte under tankvaskeautomat, tappestuss og vaskestuss til mjølkesystemet. Det er viktig at sluk har vasslås for å hindre gass eller skadedyr.

Utslepp frå tankrom skal gå til godkjend avløp.

Ventilasjon

Gardstanken har stor varmeproduksjon og krev derfor mekanisk ventilasjon tilsvarande ca. 1800 m³/time. Dette vil krevje avtrekksvifte tilsvarande ca. 1800 m³/time samt inntaksventil med lik kapasitet. Plassering inntaksventil mot frisk uteluft. Plassering av utblåningsvifte minimum 2 meter unna inntaksventil for å oppnå riktig luftskifte i rommet. Avtrekksvifta skal styrast av termostat, temperatur i tankrom skal ikkje gå under 10 grader eller over 30 grader, då dette vil gje driftsproblem for gardstanken.

Gardstankar som er utstyrt med platevarmevekslar gjer det mogleg å gjenvinne varmen frå mjølka som kjølast ned. Energien kan benyttast til forvarming av VVB, varming av drikkevatt til dyr, eller til vannbåren varme.

Dersom det skal nyttast varmegjenvinning av gardstanken og/eller monterast forkjølar, vil det uansett vere behov for å fjerne overskotsvarmen i tankrommet.

Tilfredsstillande luftskifte i tankrommet gjev lågare straumforbruk til nedkjøling av mjølk.

Unngå at det kjem direkte sollys gjennom vindu mot gardstankens styrepanel.

Internett

Gardstankankar skal ha moglegheit for tilkopling til internett, for fjernstyring og feilsøking.

Gardstank skal koplatt til internett i ledig nettverksport med minimum cat 5 kabel.

Terminert kabel leggst fram til styreskåp på gardstank + 1m ekstra.

